

**Protokoll styremøte Valdresmusea AS****2023:1**

Stad: Valdres Folkemuseum

Tidspunkt: Fredag 27. januar 2023

Til stades frå styret: Jan Arild Berg, Jørund Ødegård Lunde, Odd Arne Klemmetsrud, Arne Erik Fønhus, Frode Rolandsgard og Kristin Gulbransen.

Til stades frå administrasjonen: Ole Aastad Bråten, Tove Stubbene og Anne Marit Noraker.

**Sak 1/2023: Budsjett og arbeidsplan for 2023**

Administrasjonen legg fram forslag til budsjett og arbeidsplan for 2023. Budsjettet følgjer av dei vilkåra gitt av statsbudsjettet og andre offentlege tilskott, i tillegg til dei inntektene som museet skapar sjølv. Budsjettet og arbeidsplanen følgjer opp målsettingane som er nedfelt i selskapets strategi, i tillegg til dei måla styresmaktene ber musea følgje særleg opp. Totalbudsjettet er på 24 639 200 kroner, og viser eit positivt resultat på 168 000 kroner.

Det statlege tilskottet utgjer brorparten av det offentlege tilskottet og er i 2023 på 12,6 millionar kroner. Sidan 2008 har det statlege rammetilskottet auka fire gonger. Desse aukane har vore knytt til satsingar innfor områda folkemusikkinstrument, bunad og folkedrakt, forskning, mangfald og inkludering. Det kom inga auke i det statlege tilskottet for 2023.

I utkast til budsjett for Innlandet fylkeskommune for 2023 var det foreslått ein reduksjon i tilskottet til musea fram mot 2026. Museumsforum Innlandet har arbeidd politisk for å endre dette forslaget, og i det vedtekte budsjettet er tilskottet til musea no på same nivå som i 2022.

Pandemien skapte store utfordringar for museumssektoren, men utanlandsmarknaden er no på veg til-bake. I 2022 var det soleis ei auke i salet av billetter på cirka 10 %. Ein budsjetterer med ein vekst også i 2023. Budsjetterte billettinntekter i 2023 er 800 000 kroner.

Arbeidsplanen skil seg ikkje nemneverdig frå dei øvrige årsplanane dei siste åra. Innsatsen følgjer særleg opp pliktene knytt til dei mange prosjekta. Inntektene av prosjekt er av stor betydning for budsjettet til Valdresmusea. Den totale prosjektsreserven ligg per tid på nærmare 8 millionar kroner. 5,5 millionar kroner av desse er foreslått inntektsført i 2023.

Prosjekta bidreg til å realisere viktige mål med strategien, og dei bygger gjerne på kompetanseprofilen ved Valdresmusea. Slik får vi med prosjekta også realisert viktige mål innfor områda forskning, forvaltning og formidling. Prosjekta romar dessutan perspektiv til arbeidet med mangfald, inkludering og samfunnsrolle. Dette er satsingar som Kulturdepartementet ber musea jobbe særskilt med.

**Vedtak:**

*Styret vedtek budsjett og arbeidsplan for 2023.*

Sak 2/2023: Førrebels årsresultat for 2022

Det førrebelse årsresultatet p.t. er på 267 000 kroner (sjå vedlagte budsjettdokument). Det er framleis usikkerheiter knytt til varebeholdning, prosjektinntekter og korrigeringar.

Vedtak:

*Styret tek det førrebelse årsresultatet for 2022 til vitande.*

Sak 3/2023: Framdrift ENØK-tiltakVedtak:

*Styret held fram dialogen med Innlandet fylkeskommune om søknad om støtte til ENØK-tiltak på Velkomstbygget. Det er politisk behandling i hovudutvala for kultur og næring i mars.*

*Styret held fram dialogen med Valdreskommunane og regionleiaren, med mål om positivt vedtak om kommunalt tilskott til ENØK-tiltak på Velkomstbygget våren 2023.*

*Styreleiar får i oppdrag å drive denne prosessen vidare.*

